

Arild Soltvedt
Jesro Christoffer Cena
Åshild Nerhus


3DA

Statusrapport

EasyPublish

Hovudprosjekt 2005

Mediesenteret



Kontaktperson HiB:
Svein-Ivar Lillehaug

Kontaktpersonar Mediesenteret:
Jan Tore Ynnesdal
Morten Fahlvik

1 Status

Den 28. januar fekk vi tildelt oppgåva vår og ein del tankeverksemd rundt denne tok til. Etter at eksamensperioden var over tok vi til å arbeide med oppgåva for alvor. I planleggingsfasen sette vi opp eit GANTT-diagram som viste når vi skulle arbeide med dei forskjellige deloppgåvene, her følgjer ein oversikt over korleis vi ligg an i forhold til planen.

Forprosjektet

Under arbeidet med rapporten og presentasjonen vart vi svært godt fulgt opp av kontaktpersonen ved HiB. Vi fekk mange konstruktive og gode tilbakemeldingar heile vegen og desse har vi tatt omsyn til i det vidare arbeidet vårt.

Kva vi er ferdige med/har gjort?

Det første vi tok tak i etter planleggingsfasen var databasen. Det første utkastet såg noko anleis ut enn den databasen vi har i dag, men endringane har ikkje vore alt for store. Vi meiner no at vi har funne det designet som databasen vår bør ha, og at den fungerer tilfredsstillande.

Då det første utkastet til databasen var ferdig, starta vi med det vi kallar brukaradministrasjon, det inneber å opprette ulike typar brukarar. Dette er essensielt for at vi i det heile kan bruke resten av systemet.

Det vi har arbeidd med i det siste har vi kalla innhaldsadministrasjon. Her har vi kun småpirk att. Som det går fram av GANTT-diagrammet skulle vi vore ferdige med denne delen fredag 13. mai. Vi har valgt å gjere oss ferdig med innhaldsadministrasjonen før vi tar til med «bør ha»-funksjonar som er neste steg, sjølv om dette fører til forskyvingar i planen.

Kva oppgåver vi har igjen

«Bør ha»-funksjonane er ikkje store, og vi vil implementere dei så raskt som mogeleg.

I løpet av arbeidsperioden har vi sjølve testa kvar modul som er ferdig, men vi har ikkje gjennomført ein større test på heile systemet. Denne testinga har vi planlagt å gjennomføre i veke 21.

Arbeidet med å skrive den endelege hovudrapporten tek til samstundes som testinga pågår. Her vil vi mellom anna nytte ein god del av det vi skreiv i forprosjektrapporten.

Korleis arbeidet har gått til no

Vi har stort sett hatt god kontroll på programmeringa så langt i prosjektet, og har dermed stort sett fulgt tidsplanen. Det største problemet vi har støtt på hittil er at testserveren var utilgjengeleg i nokre dagar. Heldigvis hadde vi ein ekstra server i bakhand, men då den også gjekk ned var det antydning til krisestemming. Det heile ordna seg imidlertid i løpet av nokre timar og risiko R-11, frå vår risikoliste, var over.

Den daglege kontakten med prosjektleiarar her på mediesenteret har vore nyttig, vi har her kunna endra spesifikasjonar kontinuerleg og gjort endringar på systemet raskt og effektivt.

For at vi ikkje skal gløyme kva vi har gjort i løpet av prosjektet, har vi skrive dagbok for alle dagane vi har arbeidd med oppgåva. Denne dagboka ligg på nettsida vår slik at alle som vil kan lese den.

Vi er nøgde med eigen innsats så langt, og ser frem til dei neste vekene med innspurten av prosjektet.